

# Referat frå møte i SMU på Lindås barneskule 13.11.14

Til stades:

Foreldre: Birte Nævdal Pedersen og Lene Gjelsvik

Elevar: Sivert Skårnes Håland

Lærarar: Kari Sol Sæthre og Olaf Halstensen

Andre tilsette: Inger Isdal

Rektor: Cato Risøy

I innleiinga orienterte rektor om kva SMU og SU er og kva type saker vi behandlar.

## Sak 1. 14/15 **Psykososialt miljø.**

Rektor informerte om elevundersøkinga som er obligatorisk for 7. klasse, 10. klasse - og vidaregåande skule. Han gjekk gjennom ein del spørsmål som han gav prioritet-m.a. spørsmål i samband med trivsel. Han såg då på trivselfaktoren i timane, i friminuttane og i klassen. Til saman er det stilt 53 spørsmål. Det er mange spørsmål, men vi la og til nokre av dei valfrie spørsmåla. Rektor foreslo at viog tek undersøkinga for 6. klasse. Dette slutta SMU seg til.

## Sak 2. 14/15 **Høyring om leksehjelp.**

Rektor informerte om retningslinjene for leksehjelp.

Det kom fram to forslag:

- 1: Leksehjelp for 5-7 trinn
- 2: Leksehjelp for 4-7 trinn.

Valet fall på 4-7 trinn. Kvart trinn får då to timar i veka.

SMU ser at det i høyringsforslaget står at ressursane skal takast frå ramma til skulen. Dette er noko som vil ramma det ordinære skuletilbodet. SMU bed om at pengane som var sett av til leksehjelp no går vidare, men at det vert løyvd ekstra pengar til mellomlegget slik at dette ikkje går ut over den ordinære undervisninga.

## Sak 3. 14/15 **Bygg og rehabilitering- framdrift.**

Framdriftsplanen viser at det siste byggjetrinn skal vera ferdig 30 juni- 2015. Bygget skal då vera klart til skulestart hausten 2015.

Rektor framhevar at det går lettare å arbeida med 3 byggjetrinn med at det er i utkanten av skulen.

Det er eit nytt firma som har hovudkontrakten, men intrykket er at det går bra. Vi har hatt gjennomgang av retningslinjer vedrørende tryggleiken. Dersom store bilar skal køyra inn på plassen skal det vera følgjemann som går bak bilen. Området skal vera godt avstengt.

Lindås barneskule 14.11.14

Olaf Halstensen

skrivar